

Vedtak i kommunestyret den 18.04.2013 sak 18/13 gjeldande avløpsløyising for Sangefjell

1. Avlaupsanlegg for eksisterande fritidshus i område I,II og III i forprosjekt for avlaup frå Sangefjell, skal utførast i samsvar med krav i forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13, alternativt §§ 13-6 til 13-16 for fellesanlegg større enn 50 pe. Avvik frå dette må søkast om spesielt. Fellesanlegg er den mest driftsøkonomiske og kostnadseffektive løysinga og det vert oppmoda til å nytte fellesløysingar der det ligg til rette for det. Fritidshus med innlagt vatn eller installert vassklosett utan godkjent avlaupsløysing skal vera tilkople godkjent avlaupsanlegg innan 1.9.2016.

2. For nye reguleringsplanar i området må det utarbeidast avlaupsplan. Eksisterande fritidshus innanfor planområdet kan få krav om tilkopling til eit ev. framtidig felles avlaupsanlegg.

3. Der det er mogeleg med infiltrasjon i grunnen for alt sanitært avløpsvatn skal ei slik løysing bli vald. Ved ei avlaupsløysing med tett tank skal Ål kommunes reglar for nedsetjing av tett tank for avlaupsvatn fylgjast.